

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE FOR ÅL NORMISJON – 5.3.2023

Kaffi og kanelknutar (takk til Kari!).

Kveldstankar frå Ingeborg Dahle: Salme 103 - Velsign Herren, mi sjel! Alt som i meg er, velsign hans heilage namn. Velsign Herren, mi sjel! Gløym ikkje alt det gode han gjer.

1. Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjent
2. Møteleiar: Berit Kilde
Referat: Torfinn Slåtto og Narve Thorset
Signere: Magne Iltstad og Øystein Kilde
3. Berit Kilde las §2, §3 og §5 i vedtektene for Ål Normisjon.
4. Det er behov for nokre endringar i vedtektene. Dette vart vedtatt samrøystes (raud tekst skal slettast og grøn tekst er ny):

§3 Medlemene

Klubb 3:16 blir tilføyd i lista over grupper som er tilknytt Ål Normisjon.

§5 Årsmøte

B) Styremedlemene skal veljast for to år om gongen. **slik at halvparten går ut kvart år, fyrste gong ved loddtrekning.**

C) Det skal veljast **to eitt** varamedlem for to år om gongen.

D) Det skal veljast **to ein** revisor for to år om gongen.

E) Det skal veljast eit husstyre for Evjens Minne med leiar og fire medlemar. Leiaren skal veljast kvart år ved direkte val og dei andre medlemene for to år om gongen. Det skal veljast **to eitt** varamedlem for to år om gongen. Leiaren møter fast i styret for Ål Normisjon.

F) Det **skal kan** veljast ei valnemnd med tre medlemar som sit i tre år slik at det blir eit nytt medlem kvart år. **Det skal veljast eit varamedlem til valnemnda.**

G) Det året Normisjon held generalforsamling, vel årsmøtet utsendingar til denne, eventuelt kan årsmøtet delegere den oppgåva til styret.

Alle val **skal kan** vera skriftlege. **Dersom det kjem forslag om skriftleg val skal det gjennomførast.**

H) **Årsmøtet kan vedta styre som ikkje oppfyller kravet til antal medlemmer.**

5. Berit Kilde gjekk gjennom årsmeldinga for Ål Normisjon som vart lagt fram for årsmøtet. Årsmøtet stilte seg bak årsmeldinga utan endringar.

Narve Thorset las årsrapport for Evjens Minne frå husstyret. Årsmøtet godkjente også dette dersom det vert tilføyd at det er montert nye varmeomnar med wifi i storesalen.

Narve gjekk også gjennom rekneskapan for Evjens Minne og Ål Normisjon. Totale inntekter for Evjens Minne i 2023 var ca 229.000,- og utgifter ca 322.000,-. Her er det medrekna kostnad for to nye varmpumper i brukbutikken. Det vart eit underskot for 2023 på 31.948,-.

Rekneskapen for Ål Normisjon viste eit overskot på kr 38.160,-. Me må rekne med større utgifter til honorar for forkynnarar framover. Det kom forslag om å auke medlemskontigent til 300,- for neste år. Ål Normisjon har ei gjevarteneste, men det er få faste gjevarar. Styret oppmoda til å melde seg som gjevar i ny nettløysing og dermed også kunne få skattefrådrag.

Årsmøtet godkjente rekneskapa for både Evjens Minne og Ål Normisjon.

Årsmeldingane frå Vårvon og Torpo Normisjon vart lese opp.

6. Styrene vart samrøystes valt slik:

Ål Normisjon: Berit Kilde - leiar (til 2025)
Sigrun Thorsen (til 2025)
Magne Ilstad (til 2025)
Astrid Ruud (til 2006)
Torfinn Slåtto (til 2025)
Vara: Toril S Sønsteby (til 2025)

Husstyret: Torfinn Slåtto – leiar (til 2025)
Narve Thorset (til 2025)
Magne Sønsteby (til 2025)
Lars Jordet (til 2026)
Vara: Håkon Laa

Husstyret fekk mandat til å ta inn eitt ekstra medlem. Helst burde dette vere ei dame.

Narve vart takka av etter mangfaldige år som leiar av husstyret. Det er vanskeleg å finne ord for å beskrive den jobben han har gjort for Evjens Minne og Ål Normisjon. Heldigvis er han viljug til å fortsetje i styret og bistå med vaktmeisteroppgåver.

Kari D Brye fekk blome og takk for viktig innsats i styret for Ål Normisjon.

Rita Johannessen fekk blome og takk for solid innsats for Evjens Minne i husstyret med særleg ansvar for reinhald.

Terje Opsata var ikkje til stades, men skal få sin takk seinare for viktig innsats i husstyret.

7. Berit informerte om Normisjon si sjølvforståing

- En misjonsorganisasjon
- En fellesskapsbevegelse
- En sjølvstendig bevegelse med tett samarbeid med Den Norske kirke og andre lutherske kirkesamfunn
- Visjon: Jesus Kristus til nye generasjoner og folkeslag
- Plante og bygge Jesuscentrerte og misjonsglade fellesskap lokalt og internasjonalt
- Økende andel medlemmer i Norkirker står ikke som medlem i et trossamfunn
- 46 menigheter; 25-35% er ikke medlemmer i DNK - De kirkeløse ønsker en plass å høre til

- Handler ikke om å ta avstand fra DnK, men imøtekomme et nytt behov => Medlemmer i Normisjon kan melde seg inn i et sentralt trossamfunnsregister dersom de ikke tilhører andre trossamfunn.
- Fullverdig medlem i Normisjon = betale medlemskontingenten til det lokale fellesskapet!

8. Berit informerte om PULS – en ny strategi for arbeidet:

- Plante
Vi planter evangeliet, nye idéer, prosjekter, menigheter og fellesskap.
- Utvikle
Vi utvikler etablerte fellesskap, tilbud, programmer og organisasjonsformer.
- Lede
Vi lar oss lede av Gud og hans ord, og vi utrunder og inspirerer mennesker til å lede seg selv og andre.
- Sammenkoble
Vi kobler sammen visjoner, mål, avdelinger, enheter, behov og ressurser.


9. Berit informerte om nye tankar omkring gudstenesteliknande møte med nattverd på Evjens Minne. Ål Normisjon er i ein prosess med nytenking, jmf ny strategi, men det vart gjort klart at det ikkje var aktuelt å tenkje seg Ål Normisjon som ein ny kyrkjelyd no. Ein vil saman med regionleiar Svein Tony Gårdsø og fellesskapsutviklar Tennebø drøfte nye former for fellesskap. Om ein skal ha møte med nattverd på Evjens Minne skal det ikkje vere på same tid som gudsteneste i Ål kyrkje. Det er ikkje meininga å konkurrere med nokon, men å tilby eit supplement. For nokon vil Ål Normisjon sine møter vere eit alternativ. Leiarskapet i kyrkja, HÅP, Kilden og Ål Normisjon møtast jamnleg og støttar kvarandre.


I denne saka var det ulike synspunkt som kom fram. Fleire uttrykte eit ynskje om og behov for slik type møte. Det bør vere mogleg for oss kristne å dele nattverd andre stader enn i kyrkja. Det er eit spørsmål om me skal kalle det nattverd eller heller fellesskapsmåltid eller kjærleiksmåltid.

Nokre innvendingar gjekk på faren ved å signalisere at Ål Normisjon vil fjerne seg frå kyrkja og skape ei splitting. Det er viktig at kristne på Ål står saman og at me anerkjenner kyrkja sin posisjon med omsyn til å nå ut i lokalsamfunnet, på same måte som at Ål Normisjon bør anerkjennast for å byggje nære kristne fellesskap. Det vart uttrykt behov for å utgreie nattverdsynet som ein evt skal ha i Ål Normisjon.


Torfinn Slåtto


Narve Thorset


Øystein Kilde


Magne Ilstad